



## Framtida til Historisk tidsskrift

Narve Fulsås

Professor ved Institutt for arkeologi, historie, religionsvitenskap og teologi, UIT Noregs arktiske universitet

Dr.philos. 1994

[narve.fulasas@uit.no](mailto:narve.fulasas@uit.no)

Framtida til *Historisk tidsskrift* var tema ved avslutninga av Norske historiedagar i Tønsberg i år. Som hovudredaktør av tidsskriftet 2015–2018 var eg invitert til å innleie. Innlegget her er basert på innleiinga, men også utvida som respons på synspunkt som kom fram i den påfølgjande panel- og plenumsdebatten.<sup>1</sup>

Gjennom det meste av si historie har *Historisk tidsskrift* vore eit representativt uttrykk for det som har gått føre seg i norsk historievitenskap. I 1996, då tidsskriftet feira 125 år, laga Magne Njåstad eit omfattande register sortert både etter emne, sjanger og forfattar. Lista over dei fremste bidragsytarane er ei liste over store namn i norsk historieskriving. I ei klasse heilt for seg er Halvdan Koht med 218 bidrag. På ein nesten like einsleg andre plass er ein av grunnleggjarane av tidsskriftet, Ludvig Daae, med 94 bidrag, av dei over 50 større avhandlingar. I 1996 var det 14 andre som var registrerte med meir enn 25 bidrag: Johan Schreiner (59), Gustav Storm (59), Edvard Bull d.e. (58), Yngvar Nielsen (51), Ottar Dahl (44), Kåre Lunden (44), Per Sveaas Andersen (43), Oscar Albert Johnsen (40), Jens Arup Seip (30), Grethe Authén Blom (32), Sverre Steen (32), Steinar Imsen (28), Sten Sparre Nilson (27) og Steinar Supphellen (25). Mellom få kjente namn som ikkje er å finne, er Ernst Sars, som berre er representert med to artiklar. Sars dyrka ikkje artikkelformatet som historievitenskapelig publiseringsslik slik som Daae, og dei artiklane han skreiv, publiserte han helst i sitt eige *Nyt norsk Tidsskrift* og etterfølgjarane til det.

Vi kan elles slå fast at det er ein overveldande Oslo-dominans, naturleg nok i og med at Universitetet i Oslo var det einaste heilt til Bergen fekk sitt i 1949. Ingen av dei fyrste Bergenshistorikarane er likevel å finne på lista. Dei einaste som bryt Oslo-dominansen, kjem frå Trondheim: Authén Blom, Imsen og Supphellen. Mannsdominansen er endå sterkare enn Oslo-dominansen, med Authén Blom som einaste kvinne. Dette ville ha sett annleis ut om lista blei oppdatert, men kjønnsbalansen mellom forfattarane i *Historisk tidsskrift* har likevel endra seg langt mindre enn det kjønnsrevolusjonen i høgare utdanning burde ha leidd til. Mangelen på kjønnsbalanse i norsk historieforskning, og særleg slik han kjem til uttrykk i *Historisk tidsskrift*, er eit vedvarande problem.

1. I panelet som innleidde den avsluttande debatten, sat Marte Mangset (OsloMet), Maria Fritsche (NTNU), Tor Egil Førland (UiO) og Ida Bull (NTNU).

## UiOs eksodus og internasjonaliseringa av norsk historievitskap

Andre ting har endra seg langt meir enn kjønnsfordelinga. I 1996 var eldre tid (vikingtid og mellomalder) enno større enn 1800- og 1900-talet i stoffmengd, og tidleg nytid (1500–1800) var om lag like sterkt representert som den føregåande mellomalderen og det følgjande 1800-talet. Dei seinare åra har tyngdepunktet forskuva seg heilt over mot nyare historie. Mellomalderen er i dag enno så vidt representert, medan tidleg nytid er nesten heilt ute..

Ein annan ny og dramatisk tendens er at Universitetet i Oslo også nesten er borte. I åra 2015–2018 hadde *Historisk tidsskrift* 57 artiklar. Berre tre av desse hadde UiO-forfattarar, og ingen av dei kom frå Institutt for arkeologi, konservering og historie (IAKH). To av dei var skrivne av Ola Mestad frå Det juridiske fakultetet og ein av Marianne Egeland frå Institutt for lingvistiske og nordiske studiar. Fyrst i det siste nummeret som er publisert i skrivande stund (nr. 2, 2019), finn vi ein artikkel av ein UiO-historikar: Gro Hagemanns bidrag til årets jubileumsnummer, og det er tinga av redaksjonen. UiO har landets desidert største historiemiljø, og ifølgje den siste evalueringa av norsk humaniora står dette miljøet for 25 % av all poengproduksjonen i norsk historieforskning.<sup>2</sup> Men ingen av desse poenga hentar det altså frå *Historisk tidsskrift*. Historie ved UiO har gått frå å dominere tidsskriftet til å trekkje seg heilt ut av det.

Dette er eitt av dei mest slående resultatane av kor sterkt gjennomslag «internasjonalisering» har fått i norsk historievitskap. I ei humaniorautgreiing i 1976 blei det slått fast at berre 12 av 151 registrerte forskingsprosjekt i historie var om ikkje-norske emne. På dei fyrste norske historiedagane i 1989 innleidde Jarle Simensen om «internasjonalisering i historiefaget», og då var det stadig under fanen «Hva må gjerest?». Simensen beskrev eit fag der den vitskaplege kapitalen var heilt konsentrert i nasjonalhistoria:

Det er i norsk historie at de beste miljøene finnes, og det er gjennom norsk problematikk man lettest kan demonstrere sin kvalitet som historiker, sin status som in-sider i lauet. Når sentrum i faget er så stort, blir gravitasjonskraften så sterk at også ansatte med andre spesialiteter og forpliktelser suges mot norsk historie, noe vi etter hvert har ganske mange eksempler på.<sup>3</sup>

På kort tid er situasjonen blitt ein heilt annan. På institusjonsnivå kan vi observere at landets største universitet no identifiserer seg som «et ledende europeisk universitet»; internasjonalisering har slått gjennom som hierarkiseringsprinsipp. På disiplinnivå har nytt finansieringssystem med tilhøyrande regime for å verdsetje publisering også omdefinert standardane. Det nye «teljekantsystemet» har utfordra ein av kvalitetane ved eit fag som historie: at det ikkje har vore eit skarpt skilje mellom å publisere for kollegaer og å publisere for eit vidare publikum. I nokre fag kan det vere rimeleg å hevde at ein ikkje skal gå ut med nye resultat i massemedia før dei har stått si prøve i fagfelleverderte tidsskrift. For historikarar eller litteraturvitarar eller andre humanistar er dette ein fjern tanke; skulle Francis Bull ha venta på amerikanske fagfellar før han kunne snakke om Bjørnson på fjernsynet?

Med det nye systemet for registrering av publikasjonar og fordeling av publiseringspoeng må også humanistar no tenkje på kvar dei publiserer og dermed tenkje på «vitskapleg publisering» som noko anna enn allmennretta publisering. Finansieringssystemet premierer berre den eine typen publisering, den internfaglege. Saman med inndelinga av godkjente

2. *Evaluation of the Humanities in Norway. Report from Panel 5 – Archeology, History and Cultural Studies*. Oslo: The Research Council of Norway, 2017, 19.

3. Simensen, J. (1989). «Internasjonalisering av historiefaget». *Historisk tidsskrift*, 68(2), 132–154.

vitskaplege publiseringsskanalar i to nivå har dette vore med å gjere «internasjonal», i praksis engelskspråkleg, publisering til den nye gullstandarden, medan prestisjen til norskspråklege tidsskrift er tilsvarende nedskriven. *Historisk tidsskrift* kom inn i det nye systemet på nivå 2, men blei nedgradert etter initiativ frå det nasjonale publiseringsutvalet og med historiefagleg støtte frå Oslo. Det er ein systemskapt logikk i dette. I det nye publiserings- og finansieringsregimet blei poenga frå *Historisk tidsskrift* for lettkjøpte og for lite konkurranseutsette samanlikna med situasjonen i andre, meir internasjonaliserte tidsskrift for humaniora- og samfunnsfag.

Det kan ikkje vere tvil om at «internasjonaliseringa», og særleg trykket på å *publisere* meir internasjonalt, har hatt positive effektar for norsk forskning, og at norske historikarar har hatt godt av å bli utfordra på «metodologisk nasjonalisme». <sup>4</sup> Norske historiemiljø har også byrja å rekruttere meir internasjonalt, og vi har fått utanlandske kollegaer som har vore med å differensiere faget, gjere det meir mangfaldig og heve nivået. Men diskusjonen ved Historiedagane i Tønsberg gjorde det klart at vitskapleg kapital no er omdefinert på ein slik måte at den tilstanden Simensen beskrev i 1989, er snudd heilt på hovudet. Tor Egil Førland hevda at ved tilsetjingar ved IAKH i hans tid som styrar har norske historikarar ikkje nådd opp fordi dei har mangla internasjonal publisering. Norsk historie på norsk er med andre ord blitt nesten diskvalifiserande, medan «internasjonalisering» er blitt identifisert med «internasjonal publisering», som igjen er blitt identifisert med «kvalitet». Dette er likevel typisk berre for Oslo, medan andre universitet og høgsular har halde fram med å ha stor grad av sjølvrekruttering. Dei har ikkje merka at Oslo-historikarar søker seg ut av hovudstadsområdet for å få universitetsjobbar. Den internasjonaliseringa som har stengt ute nesten ein heil generasjon Oslo-historikarar frå UiO, har derfor ikkje hatt overrisslingseffektar for det nasjonale systemet.

### Publiseringsregime i endring

Det er fleire forhold enn internasjonalisering som påverkar den aktuelle publiseringssituasjonen. Eit hovudtema dei seinare åra har vore *Open Access* (OA), som etter lang tids forhandling om nye støtteordningar blei realisert for *Historisk tidsskrift* sin del frå og med 2018-årgangen. Bakgrunnen for OA er den sterke konsentrasjonen av vitskapleg kapital i mange disiplinær, noko som det har vore mogleg å konvertere til økonomisk kapital. Ei lita gruppe store forlag har kjøpt opp mange av dei mest prestisjetunge tidsskrifta og har selt dei til prisar som har gjort at universitetsbibliotek over heile verda har brukt mesteparten av budsjetta sine på stadig dyrare tidsskriftpakker. Forlaga argumenterer med at dei beste tidsskrifta må bli dyre fordi dei har så enorm tilgang på manuskript som dei må handtere. Motstandarane, dei som har gått i spissen for «open tilgang», seier at forlaga utnyttar situasjonen til å hauste monopolprofittar, og at offentleg finansiert forskning må vere gratis tilgjengeleg.

Innan sterkt internasjonaliserte og hierarkiserte publiseringssfelt har kravet frå forskingsråd og regjeringar om overgang til OA møtt sterk motstand: Å krevje at dei publiserer i OA-kanalar, hevdar mange innan desse disiplinane, er det same som å stengje dei ute frå dei beste og viktigaste tidsskrifta på deira felt. Også vitskapselskap som har hatt ein viktig del av inntektene sine frå tidsskriftabonnement, har vore skeptiske. Dei store forlaga har på si side oppretta OA-tidsskrift – med stive forfattaravgifter. Vi kan slå fast at overgangen til OA for

4. *Evaluering av norsk historiefaglig forskning. Bortenfor nasjonen i tid og rom: fortidens makt og fremtidens muligheter i norsk historieforskning*. Oslo: Norges forskningsråd 2008, 174.

*Historisk tidsskrift* sin del har vore relativt ukontroversiell. Historie er stadig eit langt mindre internasjonalsert fagfelt enn til dømes økonomi eller statsvitskap, og historie er heller ikkje primært eit artikkelfag. Historie kjem typisk i monografi- og bokformat, medan ein artikkel ofte er eit steg på vegen til ei bok.

Så langt ser ikkje overgangen til OA heller ut til å ha hatt store konsekvensar for *Historisk tidsskrift*, verken på forfattar- eller lesarsida, eller for redaksjons- eller forlagsarbeid. Overgangen set likevel nokre viktige rammer for tidsskriftet. Støtteordninga som blei etablert for norske opne tidsskrift innanfor humaniora og samfunnsfag, hadde i sine retningslinjer eit krav om at aktuelle tidsskrift skulle «ha en norsk forfatterkrets og primært henvende seg til en nasjonal fagoffentlighet på norsk». <sup>5</sup> Vi har sett at med internasjonaliseringa av norsk historievitskap er *Historisk tidsskrift* blitt mindre representativt for det som går føre seg av norsk historieforskning. Eitt svar på dette kunne vere å leggje om språkpolitikken, gje opp tanken om at *Historisk tidsskrift* skal vere hovudsakleg norskspråkleg, og opne for at forfatarane vel sitt eige publiseringsspråk. Men støtteordninga er altså meint som støtte til å halde oppe norsk som vitskapleg publiseringsspråk. Så langt har *Historisk tidsskrift* praktisert dette slik at ikkje-skandinaviske forfatarar får skrive på engelsk, medan skandinaviske i regelen skal skrive på eit skandinavisk språk. Skulle *Historisk tidsskrift* seie frå seg eit språkpolitisk ansvar for norsk som vitskapsspråk, måtte det sannsynlegvis gje avkall på publiseringstøtte og igjen satse på at abonnementsinntektene ville bere det.

OA bør kanskje sjåast på som del av eit heilt hamskifte innan vitskapleg publisering. Trykket på OA-publisering, som no har støtte hjå EU, nasjonale regjeringar og forskingsråd, har i alle fall leidd ein del institusjonar til å tenkje gjennom mange av praksisane sine. Eitt spørsmål som raskt meldte seg, er korleis ein skal unngå at unge forskarar som følgjer OA-politikken, blir utdefinerte i konkurransekampen på sine fagfelt fordi dei ikkje har publisert i dei prestisjetunge kanalane. Dette er noko av bakgrunnen for DORA-erklæringa – San Francisco Declaration on Research Assessment –, som nokre av dei norske universiteta har slutta seg til. Erklæringa spring ut av «the need to assess research on its own merits rather than on the basis of the journal in which the research is published». Mellom dei allmenne tilrådingane er: «Do not use journal-based metrics, such as Journal Impact Factors, as a surrogate measure of the quality of individual research articles, to assess an individual scientist's contribution, or in hiring, promotion, or funding decisions.» <sup>6</sup>

I eit fag som historie kan dette høyrast ut som gamalt nytt. Tilsetjingskomitear i vårt fag er vane med å lese innsende arbeid for å vurdere kvaliteten, ikkje berre sjå på publiseringsskanal og bibliometriske data. Men i røynda har DORA potensielt radikale implikasjonar over heile fagspekteret. Publiseringspoeng og siteringsdata har slått gjennom som fordelings- og rangeringskriterium på område som spenner over alt frå forskningsterminar til prisutdelingar. Teljekantsystemet som kom med den nye finansieringsmodellen, er med å drive nettopp dei prosessane som OA og DORA no tek sikte på å motverke. DORA er knapt foreinleg med det regimet vi har i dag for å rangere publiseringsskanalar, eit regime som også aktivt motverkar det politiske målet om at all offentleg finansiert forskning skal vere gratis tilgjengeleg. DORA er heller ikkje foreinleg med å bruke «internasjonal publisering» som surrogat for «kvalitet».

5. [https://www.ceres.no/tjenester/laat/aktuelle-saker/2017/vedlegg1\\_retningslinjer-for-nasjonalt-tidsskriftkon-sortium.pdf](https://www.ceres.no/tjenester/laat/aktuelle-saker/2017/vedlegg1_retningslinjer-for-nasjonalt-tidsskriftkon-sortium.pdf) (5. juli 2019).

6. <https://sfedora.org/read/> (15. juli 2019).

## Utfordringar for Historisk tidsskrift

Situasjonen for vitenskapleg publisering i dag er altså kjenneteikna av motstridande og til dels uforeinlege politiske målsetjingar. Det er enno uklart korleis alt dette vil påverke *Historisk tidsskrift*. Den umiddelbare utfordringa er å gjere tidsskriftet meir representativt for norsk historieforskning – tematisk, ved å få inn att eldre historie; kjønnsmessig, ved å få fleire kvinnelege forfattarar; institusjonelt, ved å kople på att UiO.

Det er ikkje lett å sjå korleis dette skal lykkast. Eg har alt vore inne på korleis språkpolitikken er underlagt ulike omsyn som ikkje lèt seg harmonisere: anten opne for engelsk, både for å gjere tidsskriftet meir attraktivt for kollegaer som ikkje er norskspråklege, og for å gjere norsk historieforskning tilgjengeleg internasjonalt, eller stå ved ansvaret for å halde ved like norsk som historievitenskapleg publiseringsspråk for ein nasjonal fagoffentlegheit. Førebels har den «nasjonale» språkpolitikken late seg foreine med «kvalitet». *Historisk tidsskrift* kom godt ut av ei evaluering som Forskingsrådet gjennomførte av årgangane 2009–2010, med karakter 6 av 7 oppnåelege. Men manustilgangen er ikkje høgare enn han absolutt må vere: Refusjonsprosenten har dei seinare åra variert mellom 25 og 50. Manustilgangen bør opp om kvaliteten skal haldast oppe, men igjen står ulike omsyn mot kvarandre. Redaksjonen kan få opp manustilgangen ved å vere meir aktiv med å tinge bidrag – og vi har tinga fleire den siste perioden, både på norsk, på andre skandinaviske språk og på engelsk. Men dette må avvegast mot omsynet til fagfelleinstituttet: Det kan vere vanskeleg å refusere tinga innlegg. Dette dilemmaet kan også kome opp ved å satse på fleire temanummer, sjølv om vår erfaring med spesialnummeret om Organisation Todt i Noreg under den andre verdskrigen (nr. 3, 2018) er god. Ein annan strategi kan vere å prøve å bli meir «aktuelle», og aller helst få medieoppslag. Mot dette kan det også reisast innvendingar: Ligg ikkje verdien i eit vitenskapleg tidsskrift fyrst og fremst i å vere eit arkiv over empirisk og analytisk uomgjengelege bidrag på (relativt) spesialiserte forskingsområde? Enklare er det kanskje å gjere stoffet meir differensiert. Den nemnde evalueringa tilrådde mellom anna å publisere «round table debates on new books», noko vi har gjort både med den også elles mykje diskuterte boka om norske krigsdekorasjonar (nr. 2, 2017) og med historieverket om Noregs Bank (nr. 3, 2017). Vi har også tinga eit større bokessay (Bo Stråth i nr. 2, 2016) og ein burde kanskje som eit anna alternativ til vanlege meldingar vurdere fleire kortare notisar om nye bøker.

I alle strategiar for å vidareutvikle *Historisk tidsskrift* vil landets største historievitenskaplege miljø vere avgjerande for utfallet. At UiO-historikarane har falle ut av tidsskriftet, er eit resultat av rekrutteringspolitikk og individuelle publiseringpreferansar, ikkje aktiv og eksplisitt instituttpolitikk. Men spørsmålet er om IAKH lenger kjenner noko ansvar for det som er landets eldste historiske tidsskrift, eller om det ser tidsskriftet som *collateral damage* i internasjonaliseringsstrategien. Det som kom fram under Historiedagane i Tønsberg, var ikkje lovande frå eit bevaringssynspunkt. Førland slutta fullt opp om den nasjonale språkpolitikken, men var samtidig uinteressert i at IAKH skulle ta redaktøransvar på dei «dugnadsvilkåra» som har lege til grunn heilt sidan redaksjonen fyrste gong blei lagt utanfor Oslo. Han ville ha ein «anbodskonkurrans» om mykje lengre redaksjonsperiodar, og han heldt fram som modell den 18-årige redaktørperioden til Nils Petter Gleditsch i *Journal of Peace Research* då tidsskriftet blei utvikla til eit internasjonalt leiande nivå 2-tidsskrift. Desse premisa er dessverre heilt urealistiske. Freds- og konfliktforskning på engelsk er eit internasjonalt fagfelt; det er ikkje norsk historie på norsk, uansett kor mykje vi greier å overskride «metodologisk nasjonalisme». Det er heller ikkje sannsynleg at dei historiske institutta, som no for det meste er fleirfaglege institutt, vil kappast om å investere flest mogleg årsverk i redaksjonsjobben i *Historisk tidsskrift*. Dei store ambisjonane Førland lanserte for tidsskriftet, høyrdest derfor meir ut som ei endeleg utmelding enn som ein løfterik start på framtida.